



Bremanger kommune

Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll



Vedteke av kommunestyret i sak 61/16 den 29.9.16

Innleiing

Kontrollutvalet er kommunestyret sin reiskap for kontrollarbeid med heile den kommunale verksemda. Utvalet sine oppgåver kan forenkla delast i tre område:

- Rekneskapsrevisjon
- Forvaltningsrevisjon
- Selskapskontroll

Kommunelova § 76 slår fast at kommunestyret har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga. I § 77 får kontrollutvalet ansvaret for det løpande tilsynet på kommunestyret sine vegner. Utvalet rapporterer direkte til kommunestyret.

SEKOM-sekretariat er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 og er sekretariat for kontrollutvala i 15 kommunar. Sakliste, møtebok og anna aktuell informasjon er tilgjengeleg på sekretariatet sine nettsider: www.sekom.no. Møta i kontrollutvalet er opne etter same reglar som andre folkevalde organ.

Obligatoriske planar

Etter [forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner](#), skal utvalet utarbeide planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Planane vert vedtekne av kommunestyret, og skal vise dei prosjekta som utvalet planegg å gjennomføre i 4-årsperioden.

Dette dokumentet er ein felles plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Siktemålet er å legge gode føringar for kontrollutvalet sitt arbeid i inneverande valperiode. Utdrag frå forskrifta med krav til planar:

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

.....

§ 13. Selskapskontroll

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for

gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden

Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.

Forvaltningsrevisjon

I [kommunelova § 77](#), er forvaltningsrevisjon definert som:

..systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

I [forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv](#), har § 7 meir om innhaldet i forvaltningsrevisjon:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,*
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,*
- c) regelverket etterleves,*
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,*
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav,*
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd.*

Selskapskontroll

Kommunelova § 77, nr 5:

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.

Kommunelova § 80, 1. ledd:

...I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.

Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 13, har meir omtale av selskapskontroll:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll).

Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.

Selskapskontroll kan delast i 3 delar:

Selskapskontroll (Kommunelova § 77 nr 5)	Eigarskapskontroll Kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser.	Obligatorisk
	Forvaltningsrevisjon Systematiske vurderingar ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader (sjå «Kva er forvaltningsrevisjon?»).	Valfri
	Undersøkingar Kommunelova § 80 gir heimel for at kontrollutvalet og revisor kan gjere undersøkingar.	Valfri

Prosjektområde

Det er ikkje avgrensingar verken organisatorisk eller elles på kva område i den kommunale drifta som kontrollutvalet kan føre tilsyn med. I arbeidet med prioritering av prosjekt, har sekretariatet utgreia kort om dei områda som kontrollutvalet sjølve valde ut ved handsaming av overordna analyse (sjå saksutgreiinga). Endeleg formulering vert gjort i eiga sak ved formelt val og tinging av prosjektet.

Målsetjinga er gjennomsnittleg eitt revisjonsprosjekt frå denne planen pr år. Med andre ord 4 prosjekt i valperioden. I tillegg til dei prosjekta som vert gjennomført som formell forvaltningsrevisjon etter gjeldande standard, kan kontrollutvalet gjennomføre tilsyn med forvaltninga på fleire andre måtar. Dette kan til dømes vere orienteringar frå rådmannen / andre tilsette, synfaringar, faktaundersøking ved revisjonen, avgrensa revisjonsrapportar med meir.

Vanleg saksgang er at kontrollutvalet vel prosjekt og tingar hjå revisor i same sak. Utgangspunktet er at dette kjem på same møte som førre rapport vert handsama. I dette møtet er forvaltningsrevisor også til stades og ein kan ha direkte dialog. Revisor sin prosjektplan handsamast i neste møte.

Prioriterte prosjekt

Følgjande prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vert prioriterte i perioden 2016-2019:

1. Oppfølging av sjukefråvære (G)
2. Avvikshandtering (A)
3. Tilpassa opplæring og spesialundervisning i skule og barnehage (I)
4. Helse og omsorg - oppfølging av avtalar (F)

Endringar gjennom valperioden

Gjennom kontrollutvalet sitt løpande arbeid, kan det komme fram tilhøve som gjer at prioriteringa bør endrast, eller det bør gjennomførast prosjekt som ikkje er nemnde. Det kan også komme fram saker eller opplysningar t.d. gjennom media som utvalet finn det naturleg å undersøkje nærare. Kontrollutvalet får difor fullmakt til å gjere endringar eller tillegg i prioriteringa gjennom valperioden.

Kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret både om einstilte prosjekt og samla gjennom årsmelding.

Verknadstid

Planen gjeld frå vedtaksdato til ny plan vert vedteken.

Vedlegg til planen

Følgjande vert lagt til som vedlegg ved vidare handsaming av planen:

- Kontrollutvalet si handsaming med saksutgreiing frå SEKOM-sekretariat
- Overordna analyse frå KRYSS Revisjon

Kommunestyret 29.09.2016:

Handsaming:

KST- 061/16 Vedtak:

1. Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vert vedteken med følgjande prioritering av prosjekt:
 - a. Oppfølging av sjukefråvær
 - b. Avvikshandtering
 - c. Tilpassa opplæring og spesialundervisning i skule og barnehage
 - d. Helse og omsorg – oppfølging av avtalar
2. Kontrolluvallet får fullmakt til å gjere endringar i prioritering, og å legge til nye prosjekt i perioden.

Kontrollutvalet

SEKOM-sekretariat

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
31/16	Bremanger kontrollutval	10.06.2016

Arkiv	Sakshandsamar	
FE - 217	Arnar Helgheim	

Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016 - 2019 (utsett sak)

Vedlegg i saka:

22.04.2016	Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016 - 2019	4991
20.05.2016	Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016 - 2019	4983
22.04.2016	Forvaltningsrevisjonar 2011 – 2015 - problemstillingar	4984
02.03.2016	OA-Bremanger 01.03.2016 (endeleg,tf)	4431

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

1. Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vert vedteken med følgjande prioritering av prosjekt:
 - 1.
 - 2.
 - 3.
 - 4.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i prioritering, og å legge til nye prosjekt i perioden

10.06.2016 Bremanger kontrollutval

Handsaming:

Framlegg i møtet om prioritering og tilleggspunkt:

1. Oppfølging av sjukefråvære (G)
2. Avvikshandtering (A)
3. Tilpassa opplæring og spesialundervisning i skule og barnehage (I)
4. Helse og omsorg - oppfølging av avtalar (F)

Nytt første kulepunkt i planen under punkt F:

System for oppfølging av avtalar i helsesektoren.

Overskrift i punkt F vert endra til:

Helse og omsorg - oppfølging av avtalar

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

BRE-31/16 Vedtak i:

1. Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vert vedteken med følgjande prioritering av prosjekt:

1. Oppfølging av sjukefråvære (G)
2. Avvikshandtering (A)
3. Tilpassa opplæring og spesialundervisning i skule og barnehage (I)
4. Helse og omsorg - oppfølging av avtalar (F)

Nytt første kulepunkt i planen under punkt F:
System for oppfølging av avtalar i helsesektoren.
Overskrift i punkt F vert endra til:
Helse og omsorg - oppfølging av avtalar

2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i prioritering, og å legge til nye prosjekt i perioden

Saksutgreiing:

Saka vart utsett på møte den 20.5., og vert sett opp til ny handsaming. Vi legg ved utgreiing med vedlegg frå førre møte:

Sekretariatet legg med dette fram sak om felles plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Overordna analyse vart presentert for kontrollutvalet den 11. mars. Utvalet drøfta saka vidare i møte den 29. mars, og sekretariatet noterte ein del aktuelle område for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. I denne utgreiinga, har vi utgreia noko meir om kvart av desse punkta og skissert retning for revisjonsprosjekt.

Siktemålet er at kontrollutvalet prioriterer mellom dei utgreidde prosjekta som tilråding til kommunestyret. Det bør vere minst 4 prosjekt i prioritert rekkefølge. Utvalet kan sjølvstøtt også ta med prosjekt som ikkje vart noterte ved gjennomgang av overordna analyse. Ved vidareending til kommunestyret, vert kontrollutvalet sitt vedtak med utgreiinga vedlegg til planen.

Merk at utgreiinga ikkje tek sikte på å gi alle detaljar og avgrensingar i kvart prosjekt som trengs ved endeleg tinging. Hovudmålet er å få fram nok informasjon til bruk ved prioritering mellom prosjekta.

Ved val og bestilling av revisjonsprosjekt, utfordrar kontrollutvalet revisor til å gå nærare gjennom prosjektet. Ei viktig avklaring vil vere å avgrense prosjektet ved til dømes å velje ei eller få einingar, avgrensa tidsperiode og liknande. Revisor lagar så ein prosjektplan som utvalet får til handsaming på neste møte. Her vert både framdrift, innhald og metode for løysing av oppdraget nærare omtala.

Førre valperiode vart følgjande prosjekt gjennomført:

Prosjektrapportering og oppfølging
Avvikshandtering (utsatt)

Revisjonsprosjektet om avvikshandtering vart avslutta etter at KRYSS Revisjon hadde gjort ei forundersøking.

Meir om dei områda som kontrollutvalet plukka ut ved drøfting av overordna analyse:

A. Avvikshandtering

Aktuelle problemstillingar:

- Har kommunen rutinar for melding og oppfølging av avvik? Vert desse følgde?
- Vert det rapportert oppfølging av innmelde avvik? Oppover i organisasjonen? Tilbake til dei som melder avvik?

Jf rådmannen sitt ansvar for intern kontroll jf kommunelova § 13, 2:

.....Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.

Stikkord frå kontrollutvalsmøte den 29.3.16:

- Jf utrulling av avvikssystem
- Korleis bygger ein kultur rundt dette?

B. Mobbing, psykososialt arbeidsmiljø

Aktuelle problemstillingar:

- Har kommunen rutinar for oppfølging i mobbesaker? Er det klare ansvarstilhøve? Vert rutinar og retningsliner følgde (både eigne og t.d. statlege)?
 - Tilstrekkelege og gode system som vert følgde?
 - I høve elevar i skule og andre som får teneste
 - Internt i organisasjonen
 - Td spørjeundersøking til foreldre?
 - Rutinar, oppfølging, kursing osv?

Stikkord frå kontrollutvalsmøte den 29.3.16:

- Tilstrekkelege og gode system som vert følgde?
- I høve elevar i skule og andre som får teneste
- Internt i organisasjonen
- Td spørjeundersøking til foreldre?
- Rutinar, oppfølging, kursing osv?

C. Sikring av måloppnåing og likebehandling

Aktuelle problemstillingar:

- Etterlever kommunen regelverk for sakshandsaming og innhald i vedtak?
- Følgjer kommunen svarfristar etter gjeldande lover og reglar?
- Vert saker handsama etter gyldig delegering?
- Har kommunen rutinar for oppfølging av vedtak frå folkevalde organ? Vert rutineane følgde opp?

Stikkord frå kontrollutvalsmøte 29.3.16:

- Internkontroll
- Kvalitet på sakshandsaming
- Teknisk / bygg
- System for å kvittere ut iverksetjing av vedtak?
- Jf styringskort i budsjettvedtaket

D. Økonomistyring

Aktuelle problemstillingar

- Har kommunen rutinar for rapportering og oppfølging av økonomien i etatar og einingar? Vert rutinane følgde opp?
- Korleis sikrar kommunen at rapporterte budsjettavvik vert følgde opp? Vert det sikra budsjettendring eller driftsendring?
- Følgjer kommunen formelle krav til budsjett og budsjettendringar?

Stikkord frå kontrollutvalsmøte 29.3.16:

- Tilbakemelding til einingane på avviksmeldingar?

E. Dokumenthandtering

Aktuelle problemstillingar:

- Har kommunen postrutinar som ivaretek alle typar kommunikasjonskanalar? Vert rutinane følgde opp?
 - Handtering av e-post, sosiale medium, sms

Stikkord frå kontrollutvalsmøte 29.3.16:

- Handtering av e-post, sosiale medium, sms

F. Helse og omsorg – oppfølging av avtalar

Aktuelle problemstillingar:

- System for oppfølging av avtalar i helsesektoren.
- Er legetenesta organisert i tråd med lov- og regelverk?
- Korleis er legetenesta dimensjonert samanlikna med andre kommunar?
- Korleis sikrar kommunen legeressursar både til fastlegar for innbyggjarane og dei ulike allmennlegetenestene?

Stikkord frå kontrollutvalsmøte 29.3.16:

- Lege
- Tilsynslegar på sjukeheim

G. Oppfølging av sjukefråvære

Aktuelle problemstillingar:

- Vert kommunen sine rutinar for oppfølging av sjukmelde følgde?
- Har kommunen rutinar for registrering av eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær? Vert i tilfelle rutinane følgde?
- Har kommunen rutinar for innkrevjing av refusjon frå NAV? Vert i tilfelle rutinane følgde?

Stikkord frå kontrollutvalsmøte 29.3.16:

- Oppfølging frå rådmann og personalsjef
- Helse og omsorg
- Tilrettelegging / konsekvensar av tilrettelegging
- Kor er sjukefråveret størst?
- Oppfølging av rutinar og regelverk?
- Er rapporteringa rett?

H. Personalforvaltning

Aktuelle problemstillingar:

- Har kommunen prosedyrar ved tilsetjingar som er i tråd med lov- og avtaleverk? Vert desse følgde opp?

- Har kommunen oppdatert kartlegging av kompetansen til tilsette? Korleis nyttar kommunen kompetanse på tvers av organisering?

Stikkord frå kontrollutvalsmøte 29.3.16:

- Heiltid / deltid. Ufrivillig deltid
- Tilsetjingskompetanse, rekrutteringstiltak

I. Tilpassa opplæring og spesialundervisning i skule og barnehage

Aktuelle problemstillingar:

- Korleis sikrar kommunen at elevar får tilpassa opplæring / spesialundervisning?
- Har kommunen rutinar som sikrar at sakshandsaminga er i samsvar med lov- og regelverk? Vert rutinane følgde?

Stikkord frå kontrollutvalsmøte 29.3.16:

- Handsaming frå oppdaga til gjennomføring?
- Kva hjelp får ein?
- Kven utfører tiltaka? Fagkompetanse?
- Kor lang tid brukar PPT?
- Kor raskt set ein i verk tiltak?

J. Kulturskule

Aktuelle problemstillingar:

- Har kommunen retningslinjer for opptak i kulturskule? Vert desse følgde?
 - Reglar, opptakskriterier
 - Sakshandsaming
 - Undersøking med orientering til kontrollutvalet?

Stikkord frå kontrollutvalsmøte 29.3.16:

- Reglar, opptakskriterier
- Sakshandsaming
- Undersøking med orientering til kontrollutvalet?

K. Brukarmedverknad / bruk av tvang

Aktuelle problemstillingar:

- Har kommunen rutinar, dokumentasjon og rapportering ved bruk av tvang som stettar lov- og regelverk?
- Følgjer kommunen regelverket ved bruk av tvang i tenestene?

Stikkord frå kontrollutvalsmøte 29.3.16:

- Bevisstheit om kva som er tvang?
- Reglar, rutinar, oppfølging?